

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 272

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Fisk i hushaldet.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Eg kan ikkje minnast dei bytte fisk og varar, dei nyttar pengar. Helst kom fiskaren, eller um det var vårsild, dei som siglde med sild, og baud ut vara si. Det hende og at dei for til byen og kjøpte, men det var sjeldan, um det hende nokon gong i eldre tider. So kunde dei i fisketidi reisa til fiskeværi eller til Haugesund etter sildøg sei, eller fara inn fjorden etter brisling hjå fiskarane. Men handelen gjekk stødt fyre seg med pengar.
2. Nokon marknadsplatz eller møtestad for dette bytet eller sal, var ikkje inne hjå oss, utan dei fiska noko mykje av eit slag fisk, då var der byte der fiskaren var.
3. Me kjøpte sild, makrell og brisling. Og sume gonger sei, både stor og små, eller torsk, lyr, hysa, makrell, sild og brisling, Stundom øg brosma og kveita, og lönja. *Øg sinfisk.*
4. Vanlege fiskeslag er torsk, sei, lyr, hysa, makrell, sild og brisling, Stundom øg brosma og kveita, og lönja.
5. Sidan dei som driv gardane har slutta meir med å fiska sjølve kjöper dei av andre desse vanlege fiske\$lag me brukar og som er nemnde i nr. 4. *Sjá øg til slutt.*
6. Fisk er mykje brukt i hushaldet, jamnast fleire gngar i vika, 3-4 til etter som det höver og det hender og 5 og 6. Den vert brukt til middag og ikkje sjeldan til kvelds os.
7. Eg tenkjer dei brukar på lag det same med fisk no som før, i krigsåri kanhenda litt meir, t.d. sild i speke. No dei siste ári har bruk av sildminka av sidan her er verre få tak i enn før.
8. Best lika dei fersk fisk, men dei brukar og mykje saltsprengd og turka.
9. Laks fiskar dei lite eller helst ikkje i mi heimbygd, so den laut dei kjöpa um dei skulde få han, og eg kan aldri minnast der vart kjøpt laks i min uppovokster.
10. Sume fiskar lika me ikkje å eta, sjølv um dei ikkje var u-etande, t.d. steinbit, ha og augur (uer). Knurr, marulk, vidkjeft og rognkjølsa (rognkjeks) og visse andre sjeldne at me heller ikkje, sume av desse, serleg dei fyrste, vart koka til gris og höns. Ordet "u-fisk" ukjent. - Álf lite nyttar.
11. Ferskvatn var ikkje i mi heimbygd eller mandeten. gard, so ferskvassfisk kjende me ikkje til. Det måtte vera slike som livde både i fersk og salt vatn, t.d. ál og aure. Og dei nyttar me.
12. Ferskvass-fisk helst fiska um hausten, der det var nokon å få.
13. Konservering av fisk.  
Sjølv salta og stelte dei fisken sin, sildi og.  
a. Dei salta torsk, lyr, sei og sild og brisling, og andre, og sume av desse hengde dei upp til turk, helst på ein *ein* eller ein vegg og tok han inn når han var turr.

- b. So lenge eg kan minnast røykte dei sild, anten flakt eller og rund, lubba-sild dei kalla. Brake vart nytta som brenne når dei røykte fisk eller kjøt.
- c. Dei lafisken med i salt, eller støydde det yver han. Eg kan aldri minnast dei la fisk i mysa, sukker eller øl. Einast den tid dei laga ansjøs hadde dei litt sukker på den. Sur fisk ikkje brukt heima.
14. Sildi vart flakt, vaska og lagd i saltlake ei viss tid og deretter røykt og sidan hengd upp til turk. Den sildi me fekk var ~~å~~sild.
15. Kveita var der so lite av at den ikkje vart brukt til rekling, den vart sold, det var i eldre tid, eller nytta fersk. Hellerikkje annan fisk vart laga til rekling.
16. Ferskvass-fisk hadde me so lite av at han ikkje vart konservert.
17. Fisken vart helst kokt. Berre sume tider steikt. Utan sild som dei jamt steikte fersk.
18. Fisken kokt i vanleg ferskvatn, med litt salt i. Ette ~~en~~ laga dei sterke lake og slo yver 2-3 gonger til han hadde fått rette saltsmaken.
19. Berre fersk fisk steikt, på panna, ikkje på glör. Heller ikkje brukte dei steikja han i torskelever.
20. Lutefisk laga dei sjølve. Dei tok turka fisk og slo vatn yver og strøydde tre-oska yver, helst av bjørkeved. Heller ikkje no kjøper dei ferdeglaga lutefisk.
22. Fiskeupa var helst likt kvar gong. Det var kokt på fersk fisk, eller södet av fersk fisk sleige i upa. Dei hadde jorddele uti, litt jevning, løk og grønnsaker i den tid den var å finna. Skulde det vera grumt kunde dei ha i litt fløyte ~~eller~~ eller anna godt, etter ordet: til meir godt ein har i det, til betre vert det. Fiskeupa brukar dei som før og likar det godt, so det er rekna for ein gamal rett.
23. Dei kunde og laga upa av ferskvassfisk.
24. Sild nyttar dei fersk, salt, med upa på, røykt (kokt, eller turka i speke) og salt som spekesild. Fersk sild anten steikt, det var mest, eller kokt. Jamnast berre ein gong um ~~XX~~, dagen, um det enn hende dei tok sild til kvelds i sildetid.
25. Sildagrym ukjent for meg ~~in~~ upp-voksteren. I nyare tid lagar dei av og til sildakaker.
26. Vanleg var det å laga fiskskaboller, helst av hysa men og av ~~XX~~ ande fiskeslag. Fiskapudding er nyare, den kan eg berre minnast etter eg vart voksen. Dei kjøper ikkje fiskepudding, dei lagar han sjølv heima.
27. Hermestiske finskeboller lite brukt, det hender dei kan ta ein boks til framandfolk no og då.
28. Levergraut, serleg av mortalever mykje brukta før og endå um visst ikkje so jamt som før. Dei kokar lever av mort, sei, lyr og torsk attåt maten, fersk fiskemat.
29. "Kams" ukjent heima i alle former.
30. Torskelever ikkje hytta til steikje feitt sjølv under krigen. Andre nyttar den, serleg i byane, fortalte dei.
31. Lever aldri lagra til seinare bruk i mat. Dei laga kyse av henne, til tranlampane sine, eller anna. Den levri folk ikkje kan nyttar fersk, gjev dei höns eller griser.
32. Rogn av sild og torsk nyttar aldri mjølke før. Rogni helst nyttar fersk, men ~~d~~ hende dei tok rogn i spekesild og at, men da måtte den vatnast ut.
33. Desse matretter ikkje hytta heima. 34. Ukjent heima. Likeso nr. 35.
36. Dei åt torsk hovud og hovud av bergfisk, t.d. bergsugga, og av makrel, ister nyttar dei no, ikkje før det eg minnest. Mage og symjeblæra hellerikkje nyttar, ikkje til klåreskinn heller.
37. Krabbe, eller hövring koka dei og åt noko av, resten fekk hönsi. Humaren sold, berre sume gonger kokte dei sjølve noko.
38. Blåskjöl ikkje nytt ~~ta~~. Ostra var derlite av, so eg minnest ~~XX~~ ikkje den brukta. Andre muslinger hellerikkje nyttar som mat.